



Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Fjellstyret sitt kontor, Ulvik

Dato: 14.12.16

Klokkeslett: 18.00-19.45

Tilstades på møtet

Medlem:

Knut Sygnestveit
Stig Yngve Røkenes
Atle Ulgenes
Lars Helge Ljone
Ingrid Sponheim

Sekretær:

Harald Normann Andersen

Saksliste

- 27/16 Meldingar
- 28/16 Organiserte turar til/på Langavatnet, Ulvik Statsallmenning
- 29/16 Sal av Ulvik fjellstyre sine hytter på Osafjellet på Inatur
- 30/16 Organisering a villreinkorta, forbetring og forenkling
- 31/16 Søknad om løyve til å ha privat båt liggjande ved Søre Grøndalsvatnet.
- 32/16 Info frå dagleg leiar

Underskrifter

Me stadfester at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit Stig Yngve Røkenes Atle Ulgenes Lars Helge Ljone Ingrid Sponheim

Kopi til

- Fjellstyremedlemmer
- Varamedlemmer
- Fjellstyra på Hardangervidda, Vinjesvingen 665, 3890 Vinje
- Fjellstyra kring Hardangervidda
- Hardangervidda Fjelloppsyn as. Magasinvegen 35, 5705 Voss
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer

Meldingar frå	Innhald
55/16 Ulvik fjellstyre	Uttale KVU rv.7 og rv.52 Gol - Voss
56/16 Rauland fjellstyre	Møtebok
57/16 Fjellstya på Hardangervidda	Møtebok – ekstraordinær generalforsamling
58/16 Fjellstya på Hardangervidda	Møtebok

Harald las opp meldingane

Sak 28/16 Organiserte turar til/på Langavatnet, Ulvik statsallmenning 14.12.16**Saksdokument:**

Hardanger Gjestehus v/ Audun Jåvold har planar om tilrettelegging av organiserte turar til Osafjellet, og søker om fast oppstillingsplass og plassering av ei lita lagervogn ved sperredammen ved Langavatnet. Hardanger Gjestehus ynskjer å legge til rette for turar med små grupper på 5-7 personar i området og på Langavatn. Dei ynskjer å ha båt på vatnet og om mogleg ei lita flytebrygge. Det vert signalisert at det på sikt at det kan vere aktuelt med større båt/større buss, om det er marknad for det.

Den omsøkte tomta er i matrikkelen registrert som gnr 38/1 – Statskog. Tilgrensande eigedom er 38/og 37/55 – Statkraft Energi AS.

Tomta ligg innanfor LNF-område i kommuneplanens arealdel. Tomta ligg og innanfor Hardangervidda villreinområde.

Ei tilrettelegging for tur/turistverksemd som omsøkt avheng av dispensasjonen frå arealføremålet, eventuelt utarbeiding av reguleringsplan.

Ulvik herad ber om Ulvik fjellstyre si vurdering av planane innan 06.01.2017

Vurderingar i saka:

Ulvik fjellstyre (UF) ser utfordringar med aktiviteten skissert ovanfor.

Langavatnet og tilstøytande areal ligg i Hardangervidda villreinområde. Området mellom Gjerdanuten og Onen er mykje nytta av reinen. Reinen nyttar området til forflytting nord/sør i tidsrommet søknaden gjeld. Syner til Naturmangfaldsloven §§ 8-12 og da spesielt § 9. (førevar – prinsippet) *Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.*

Statkraft som er regulant i området vil og koma med uttale. Det må takast hensyn til deira syn i saka, da det er dei som eig damanlegg og tilkomstveggar.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre vil på bakgrunn av vurdering over i høve organiserte turar på Langavatnet og i terrenget rundt ikkje imøtekoma søknaden.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 29/16 Sal av Ulvik fjellstyre sine hytter på Osafjellet på Inatur 14.12.16

Saksutgreiing:

Dagleg leiar har i sommar administrert hyttebookinga på Ulvik fjellstyre sine hytter på Osafjellet. Dette er tidkrevjande då kundar ringer til alle tider av døgret. Har vore i kontakt med Inatur for å høyre korleis ein kan selje hytter der ein nyttar pris.pr. pers. døgr. Dette er heilt uproblematisk, og kan tilpassast kvar enkelt hytte. Døme: Søre Grøndal leigast ut for kr 300,-. Er ein fleir enn 2 personar betalar ein ekstra for dette når ein kjem heim. Fyldig infoplakat på alle hytter som kan fotograferast. Dette gjeld og dei ikkje låste husværa.

Ulvik fjellstyre har 5 låste hytter/buer på Osafjellet (Ripsebu, Sankebu, Dyrahola, Søre Grøndal og Memorgebui). Alle desse unntatt Sankebu bør leggjast ut på Inatur. Inntektene på desse hyttene varierar mellom 15.000,- – 25.000,- pr. år. Inatur tek 10 % i provisjon på alle sal. Dette er betydeleg mindre enn kva det kostar å administrere manuelt sal.

Om ein ynskjer at hyttene skal vere tilgjengeleg for reinsjegerane under jakta kan fjellstyret «låse» dette tidsrommet manuelt og heller leige ut hyttene sjølv i denne perioden.

Framlegg til vedtak:

Dagleg leiar arbeidar vidare med Inatur sine løysingar, og tek sikte på å få lagt ut 4 av dei låste husværa til Ulvik fjellstyre på Inatur i god tid før sommarsesongen tek til. Det vert montert kodeboks på hyttene Søre Grøndal, Dyrahola, Ripsebu og Memorgebu i vinter. For at villreinjegerane skal ha tilgang på hyttene under villreinjakta vert desse leigd ut manuelt mellom 10. august – 30. september. 2 av medlemmene i styret vil ta seg av den manuelle bookinga i dette tidsrommet. Det vert nytta Google kalender som verkty.

Vedtak:

Samrøystes

Saksutgreiing:

Fleire av fjellstyra på HV har sett trongen for å effektivisere arbeidet med sal av reinsdyrkort. I dag er dette eit arbeid som tek veldig mykje tid for dei tilsette og dei tillitsvalde.

Det vil vere ein fordel om fleire fjellstyre (helst alle) hadde same system for handtering av søknader og tildeling av reinskort. Dette vil gje fleire fordelar: det blir lett for brukarane å forstå, prosessen blir lik for alle fjellstyre, det vil vere lett for tilsette å steppe inn å gjere ein jobb dersom nokon vert sjuke, kostnadseffektivt å utarbeide eitt system.

Det er i dag to digitale løysingar som kan vere aktuelle:

1. Questback:

Dette er eit system dei fleste har vore borti og som er enkelt og rimeleg i bruk.

Fjellstyresambandet betalar i dag lisens for alle fjellstyra. Ved stor auke i bruken må ein kunne forvente at NFS må fakturere noko for bruk.

Fordelar:

- Billig
- Enkelt
- Kan «bygge» opp dei spørsmåla du vil ha med i ein søknad sjølv
- Kan enkelt eksporterast til excel og jobbast vidare med her.

Ulemper:

- Framleis mykje manuelt arbeid
- Krev at den som skal jobbe vidare med dette kan excel, eksportering og fletting
- Ikkje fakturaløysing
- Ikkje sms løysing
- Ikkje automatisk epostløysing

2. Inatur

Inatur er kjent for dei fleste som Noregs største tilbydar av jakt og fiske på nett. Inatur er profesjonelt, godt kjent og effektivt som salskanal. Inatur har i dag ikkje eit fullgodt system for handtering av villreinkort, men er godt på veg. Sakshandsamar i FH har vore i kontakt med Inatur for å lufte kva for løysingar som kan vere aktuelle. Inatur er svært positive til å vere med på eit opplegg som har som mål å kunne tilby kort på Hardangervidda. Slik sakshandsamar opplever det er det små justeringar som skal til for å kunne kome i mål med ei slik ordning.

Fordelar:

- Godt innarbeid og profesjonell salskanal
- System som er kjent blant jegerar
- Enkelt i bruk for dei som skal administrere
- Integrrert epostløysing
- Integrrert sms løysing
- Faktureringsløysing
- Svært tidsbesparande for fjellstyret/tilsette

Ulemper:

- Pris (forhandlingsmogelegheiter pga stordriftsfordelar)
- Mister moglegheiten til enkelte lokale tilpassingar
- Begrensar kontakten mot den enkelte jeger.

Det er klare fordelar og ulemper med b e alternativ.

Alternativ 1 er enkelt og billig og ligg klart til bruk, men fordrar framleis sv ert mykje manuelt arbeid p  det enkelte fjellstyrekontoret. Det krev og ein del kompetanse hj  den som skal handsame data med bruk av excel og fletting til outlook evt andre system.

Alternativ 2 er sannsynlegvis noko dyrare, men likevel vil det kunne l ne seg med tanke p  sparing av tid. Eit anna moment er at det vil bli sv ert mykje enklare og billigare   f re rekneskap. Fr  Inatur vil det kome eitt bilag som skal f rast i rekneskapen. Dersom ein sel 4 korta sj lv vil det bli like mange bilag som det er kort. Dette har ein pris hj  rekneskapsf rar og m  takast med i berekninga. Ein veldig stor fordel med alt 2 er at ein har god hjelp fr  Inatur i trekkingsprosess og elles dersom ein lurar p  noko. Det vil og vere sv ert enkelt for alle tilsette   g  inn   hjelpe til i andre fjellstyre dersom det skulle vere trong for det. Det blir og eit veldig profitt opplegg med god, og lik, service til alle v re jegerar. Inatur er sv ert interessert i   f  dette til   fungere og var positive til   finne ein grei pris p  dette dersom mange fjellstyre vart med.

For   ha eit eventuelt opplegg klart til neste sesong m  dette jobbast aktivt med framover vinteren. Administrasjonen kan ha eit opplegg klart slik at dette kan nyttast av dei fjellstyra som ynskjer det fom neste s knadsomgang.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre ynskjer at det arbeidast vidare mot ei l ysing med Inatur. Det er viktig og heilt avgjerande at ein kan f  til ei provisjonsordning som er l gare enn dei 10 % som Inatur tek i dag ved sal av hytte, fiske- og sm viltkort. Om dette let seg gjere er Ulvik fjellstyre positive, og vil inng  avtale med Inatur i h ve sal av villreinkort.

Vedtak:

Samr ystes

Saksutgreiing:

Gjert Nilsen og Rolf Utne søker om å få ha ein privat båt i nordre enden av Søre Grøndalsvatnet. Det er lagt opp til at båten og kan nyttast av andre etter avtale. Det står ikkje noko i søknaden om kva båten skal nyttast til.

Framlegg til vedtak:

Om Nilsen og Utne ynskjer å ha ein privat båt liggjande i nordre enden av Søre Grøndalsvatnet er fjellstyre positiv til søknaden. Ulvik fjellstyre går ut i frå at båten skal nyttast til stong- og garnfiske. Vert båten øydelagt eller ikkje lenger er i bruk skal den fjernast. Båten skal kunne nyttast av andre ved behov.

Vedtak:

Samrøystes

- * resultat frå prøvefiske i Reipstjødnane.
- * framdrift ny heimeside.

Styret tok informasjonen til vitring.

Møtet slutt 19.45